



Arkivsaknr: 2025/8977-3
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

To katter på loftet - Søknad om utviding av skjenketid i skjenkeløyve

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. To kattar på loftet AS org.nr. 934 310 292 får innvilga utvida skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i søkte om lokale i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø i perioden frå 15.10.25 – 30.09.28
2. Løyvet gjeld for innandørs skjenking med om lag 150 gjestar.
3. Løyvet for utandørs skjenking gjeld for om lag 80 gjestar.
4. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.
 - Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00.
 - Sundag frå kl. 12.00 -02.00.
5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 3 er:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 01.00
 - Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.
 - Sundag frå kl. 13.00-01.00.
6. Skjenketid gruppe 1 og 2 utandørs vil vere:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-24.00,
 - Laurdag frå kl. 08.00-24.00
 - Sundag frå kl. 12.00-24.00.
7. Skjenketid gruppe 3 utandørs vil vere:
 - Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-24.00,
 - Laurdag frå kl. 13.00-24.00
 - Sundag frå kl. 13.00-24.00.
8. Styrar: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95
Avløyser: Linda Opdal f. 28.22.73

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagetilgang: Klagefrist er 3 veker etter motteken melding om vedtak, jf. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

To katter på loftet AS org.nr. 934 310 292 søker utvida skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i lokala i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø. Driftskonsept er bar med servering av enkle japanske retter. To katter på loftet AS søker også om utvida skjenketid til skjenking av alkohol på avgrensa utandørs område knytt til lokala i Kvernhusmyrane 3.

Styrar for skjenkeløyve: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95 Avløysar: Linda Opdal f. 28.11.73
Det søkast og om serveringsløyve. Dagleg leiar forserveringsløyvet er Richard Opdal Walaker f. 13.10.95

Vurdering

Kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 I Alver kommune legg vekt på eit berekraftig samfunn og næring. Det kjem fram i planen at Alver ønskjer eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga. To kattar på loftet AS ønskjer å bidra til eit betre uteliv i Alver kommune og skape møteplassar i hovudsak for vaksne. Konseptet er bar med enkel matservering av japanske matrettar.

To kattar på loftet AS ønskjer ein meir levande Knarvik på kveldstid. Dei ønskjer å utvida skjenketida for å kunne betre møte konkurranse frå utestader i Bergen kommune. Vakthald vil bli styrka på kveldstid etter kl 24.

Noverande skjenketidar er:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00.

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-02.00.

Sundag frå kl. 14.00 til 23.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 23.00.

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.

Sundag frå kl. 13.00-23.00.

Skjenketid for gruppe 1-3 utandørs:

Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00

Fredag og laurdag frå kl. 13.00-24.00

Sundag frå kl. 14.00-23.00

Ny søkt skjenketid for alkoholhaldig drikk:

Skjenketid innadørs for gruppe 1 og 2:

Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.

Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00.

Sundag frå kl. 08.00 til 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3:

Onsdag og torsdag frå kl. 08.00- 01.00.

Fredag og laurdag frå kl. 08.00-01.00.

Sundag frå kl. 08.00-01.00.

Skjenketid for gruppe 1-3 utandørs:

Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.

Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00

Sundag frå kl. 08.00-02.00

Innadørs er det 60-150 sitjeplassar fordelt på 150m².

Lokala ligg i tilknyting til Amfi Knarvik senter og har eige inngang frå gateplan.

Innadørsområde er på 115,4 m². Lokalet ligg i andre etg, i bygget er det trappeheis opp til serverings- og skjenkestaden. To toalett i fellesområde, og dessutan eit toalett i første etg som vil vera tilgjengeleg som handicapttoalett. Det er tre rømmingsvegar i lokalet og ein utandørs knytte til område for uteserveringa.

Alver kommunes alkoholpolitiske plan for 2024-2028 set vilkår for skjenking utandørs:

- Løyvet vert gitt eit klart avgrensa areal som er skjerma i høve trafikk og brannrømmingsvegar
- Det er ikkje tillat med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på utandørsserveringa etter kl. 23.00. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at han er til vesentleg sjena.

Lokale til to kattar på loftet AS ligg i Amfi Knarvik senter. I bygg knytt til Knarvik senter er det leilegheiter som nyttas til bustad. Utandørsservering heile året kan føra til støy spesielt på kveld og i helgar for bebuarar i Knarvik senter. Omsøkte tidar utandørs vert difor ikkje imøtekommen. Det vert vurdert at det vil vera formålstenleg å avgrensa skjenketida utandørs til kl 24.00 alle dagar. Det vil seia at etter kl. 24.00 vil gjester ikkje kunna få servert alkoholhaldig drikk utandørs.

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune kjem det fram at skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 08-02, med følgande unntak; Sønd- og heilagdagane startar skjenking frå kl. 12. Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl. 13-01 alle dagar.

Ny Skjenketid vil vere:

Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er:

- Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-02.00.
- Fredag og laurdag frå kl. 08.00-02.00.
- Sundag frå kl. 12.00 -02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 innandørs er:

- Onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 01.00
- Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00.
- Sundag frå kl. 13.00-01.00.

Skjenketid gruppe 1 og 2 utandørs vil vere:

- Onsdag og torsdag frå kl. 08.00-24.00,
- Laurdag frå kl. 08.00-24.00
- Sundag frå kl. 12.00-24.00.

Skjenketid gruppe 3 utandørs vil vere:

- Onsdag og torsdag frå kl. 13.00-24.00,
- Laurdag frå kl. 13.00-24.00
- Sundag frå kl. 13.00-24.00.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, NAV og skatteetaten. Det er ingen merknader til søknaden eller omsøkte personar. Styrar og avløyser har bestått kunnskapsprøva etter alkohollova.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminneleg løyve innandørs i gruppe 1–3 vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune.

Kommunedirektøren tilrår at utvida skjenketid for alminnelege løyve utandørs i gruppe 1–3 vert innvilga, i samsvar med skjenketidene fastsett i alkoholpolitisk plan for Alver kommune.

Vedlegg

1	1007-00173-SkjenkeloyveServeringsloyve.pdf	Offl. § 26 5. ledd
2	1007-00173-3- Kunnskapsprøve Richard Opdal Walaker.pdf	Offl. § 26 5. ledd
3	1007-00173-4-etableringsprøve Richard Opdal Walaker.pdf	Offl. § 26 5. ledd

